

# Møteprotokoll

**Utval:** **Naustdal-Gjengedal verneområdestyre**

**Møtestad:** Kommunestyresalen, Naustdal

**Dato:** 12.09.2016

**Tidspunkt:** 10:00 – 13:00

## Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Oddmund Klakegg	Medlem	
Håkon Myrvang	Medlem	
Iris Loftheim	Medlem	
Leidulf Rygge Bogstad	Medlem	

## Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Gunhild Berge Stang	MEDL	

## Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Holen	Naturoppsyn
Alf Erik Røyrvik	Verneområdeforvaltar

## Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

---

---

---

## Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 12/2016	Godkjenning av innkalling og sakliste		
ST 13/2016	Godkjenning av protokoll frå forrige møte		
RS 2/2016	Orienteringssaker		
ST 14/2016	Naustdal-Gjengedal LVO - Utviding av landingsløyve til fleirårig - NGU		2012/3426
ST 15/2016	Naustdal-Gjengedal LVO - Søknad om løyve til løypekøyring - Instedalen Skianlegg AS		2012/4063
ST 16/2016	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - støtte til parkeringsplassar på Jølster		2016/879
ST 17/2016	Arbeid med besøksstrategi		
ST 18/2016	Eventuelt		

## **ST 12/2016 Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Framlegg til vedtak:**

Innkalling og sakliste vert godkjent

## **Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre ST 12/2016**

### **Vedtak**

Innkalling og sakliste vart godkjent utan merknader

## **ST 13/2016 Godkjenning av protokoll frå forrige møte**

### **Framlegg til vedtak:**

Protokoll frå førre møte vert godkjent og signert

## **Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre ST 13/2016**

### **Vedtak**

Protokoll frå førre møte vert godkjent og signert

## **RS 2/2016 Orienteringssaker**

- Midtre Jølster Beitelag sone 4 (Førde) fekk i vår løyve til å lande med helikopter for å transportere gjerdemateriell opp i fjellet. Saka vart handsama med delegert mynde.
- Midtre Jølster Beitelag sone 4 fekk og løyve til å gjere utbetringar på ein sti som går lang Breimsvatnet. Saka vart handsama med delegert mynde.
- Norges Geologiske undersøkelser fekk i sommar løyve til å lande med helikopter i fjellet ovanfor Osmundnes i samband med overvaking av ustabilt fjellparti. Dei fekk og løyve til å nytte drone i overvakkinga. Løyvet vart gjeve med delegert mynde. Eventuell forlenging til fleirårig skal takast opp i styret i dette møtet.
- Jan Kjetil Øygard har fått løyve til å bruke snøskuter og båt med motor i samband med transport av materialar inn til Dalsbøen i Traudalen, Gloppen. Saka vart handsama med delegert mynde.
- I juni var verneområdeforvaltar med på fire synfaringar med NVE m.fl. i samband med småkraftpakke i Gloppen.
- I juli var verneområdeforvaltar med på synfaring til Stegsvatnet i samband med at Kupekraft har anka avslag på konsesjonssøknad til OED. Nestleiar i styret var og med på synfaringa.
- Tiltak med klopplegging i Vonamarkja vart gjennomført i juni. Resultatet vart veldig bra.
- Rakel Rygg Wilke har fått løyve til bruk av båt med motor på Traudalsvatnet i samband med transport av materialar til byggearbeid.
- Verneområdestyret har skrive tenestekjøpsavtalar med 2 verksemder for kjøp av tenester fram til og med 2020. Verksemndene er Bygdeservice AS og Gravdal Skog og Hageservice AS.

Arkivsaksnr: 2012/3426-0

Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik

Dato: 02.09.2016

<b>Utvalg</b>	<b>Utvalgssak</b>	<b>Møtedato</b>
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	14/2016	12.09.2016

## **Naustdal-Gjengedal LVO - Utviding av landingsløyve til fleirårig - NGU**

### **Framlegg frå forvaltar**

Norges geologiske undersøkelser sitt løyve til helikopterlandning og bruk av drone vert utvida til å gjelde fram til og med 2020 i tråd med søknaden.

#### **Norges geologiske undersøkelser (NGU) får løyve til:**

- 1. å lande med helikopter i fjellet ovanfor Osmundnes i samband med overvaking av ustabilt fjellparti.**
- 2. å bruke drone i same området i samband med overvakinga.**

Løyva er gjeve med heimel i naturmangfaldlova § 48, første ledd, og gjeld på følgjande vilkår:

- Løyva gjeld for perioden 1.-31. august i åra 2016 -2020
- Dette løyvet skal vere med under flyginga
- Motorferdsla skal avgrensast til det som er naudsynt for å løyse oppdraget, og det skal takast omsyn til vilt, turfolk og naturmiljø.
- Statens naturoppsyn (Rune Holen, tlf 975 95 102) skal varslast per telefon eller sms før flyging tek til.
- I etterkant skal flyginga rapporterast til verneområdeforvaltaren.
- Tiltakshavar er sjølv ansvarleg for naudsynte løyver frå kommunen, grunneigar og eventuelle andre lovverk for helikopter- og droneflyging.

### **Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre ST 14/2016**

#### **Vedtak**

Styret fatta vedtak i tråd med framlegget frå forvaltar

## Saksopplysninger

### Dokument i saka:

- Søknad om helikopterlandning frå Norges geologiske undersøkelser
- Delegert løyve frå 16.juni 2016
- Verneforskrift for Naustdal-Gjengedal LVO
- Naturmangfaldlova

### Søknaden

Norges geologiske undersøkelser (NGU) driv med kartlegging og overvaking av ustabile fjellparti på oppdrag frå Noregs Vassdrag- og energidirektorat (NVE). I samband med overvaking av ei ustabil fjellside ved Osmundnes i Gloppen kommune søker NGU om løyve til å lande med helikopter ved den aktuelle fjellsida, innanfor Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. NGU søker om eit fleirårig løyve i perioden 2016 – 2020. Målingane er planlagt gjennomført i løpet av august månad desse åra.

NGU søker i tillegg om å få bruke drone med kamera i samband med målingane, for å synfare stader kor det ikkje er mogeleg eller ikkje trygt å gå.

Landinga er planlagt om lag ved det trekanta ikonet midt i biletet.



### Vurdering

Verneområdeforvaltaren gav den 16.juni delegert løyve til å lande ved Osmundneset i tråd med søknad i august 2016. Sidan delegert mynde berre gjeld eittårige løyver, vert saka lagt fram for verneområdestyret for eventuell utviding til eit fleirårig løyve.

Sjå saksutgreiing i løyvet frå 16.juni for juridisk og faglege vurdering av saka.

Arkivsaksnr: 2012/4063-0

Saksbehandler: Alf Erik Rørvik

Dato: 02.09.2016

<b>Utvalg</b>	<b>Utvalgssak</b>	<b>Møtedato</b>
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	15/2016	12.09.2016

## **Naustdal-Gjengedal LVO - Søknad om løyve til løypekøyring - Instedalen Skianlegg AS**

### **Framlegg til vedtak frå verneområdeforvaltar**

Instedalen Skianlegg AS får løyve til å køyre opp skiløype med snøskuter og sporsettar på strekninga frå Vonavatnet til Fosselvekråna. Løyvet gjeld for inntil ein tur kvar veke i perioden 1. januar til 1. april i åra 2017 til 2020 og er gjeve med heimel i naturmangfallova § 48.

#### Vilkår for løyvet:

- Løyvet skal vere med under køyring
- Det skal ikkje køyrast på sundagar eller heilagdagar
- Køyring skal avgrensast til det som er absolutt naudsynt
- Statens naturoppsyn kan stoppe køyringa dersom omsynet til villrein krev dette
- Etter kvar sesong skal det sendast rapport over køyringa til verneområdeforvaltaren
- Instedalen Skianlegg AS må sjølv ordne naudsynte løyver frå kommune og grunneigarar

### **Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre ST 15/2016**

#### **Vedtak**

Styret fatta vedtak i tråd med framlegget frå forvaltar

## Saksopplysninger

### Dokument i saka:

- Søknad om løypekøyring fra Instedalen Skianlegg
- Verneforskrift for Naustdal-Gjengedal LVO
- Naturmangfaldlova
- Løyve til løypekøyring fra 2015
- Vedtak i klagesak fra Klima- og miljødepartementet (2014)

### Søknaden

Instedalen Skianlegg AS søker om løyve til å bruke snøskuter og sporsetjar til å køyre opp skiløype fra Vonavatnet og inn til Fosselvekråna, inne i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Det er ei strekning på 4-5 km, som dei vil køyre opp inntil ein gong kvar veke i perioden 1. januar til 1.april. Skianlegget har dei siste åra hatt løyve til å køyre opp denne skiløypa. Dei søker no om å få fornya dette slik at dei får eit liknande løyve på same vilkår som før, for perioden 2017 til 2021.

Det gamle løyvet opna for oppkøyring av skiløype inntil ein gong kvar veke i perioden 1.januar til 1.april. Skianlegget melder om at dei har nytta seg av løyva i 2015 og 2016 berre nokre få gonger per år. Ver- og føretilhøve set grenser for kor ofte og kortid det er naudsynt og fornuftig å køyre opp skiløype. Løyvet har difor ikkje vore nytta so mykje som det har vore opna for.

Instedalen Skianlegg AS melder om at dei har fått gode tilbakemeldingar på tilbodet, særleg frå familiar som nyttar Vonamarkja til skiturar.

### Regelverk

Motorferdsel er i utgangspunktet forbode i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. I verneforskrifta er det opna for å gje løyve til motorferdsel til visse føremål, men oppkøyring av skiløype er ikkje blant desse føremåla. Søknaden må derfor handsamast etter naturmangfaldlova (nml) si generelle dispensasjonsføresegn i § 48:

#### § 48. (dispensasjon fra vernevedtak)

*Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.*

I slike «§48-saker» må det først vurderast om tiltaket er innanfor rammene til eit av dei tre alternativa i paragrafen, slik at ein dispensasjon kan vurderast. Deretter skal ein gjere ei fagleg og skjønsmessig vurdering om det er tilrådeleg å gje dispensasjon.

Søkjar er sjølv ansvarleg å sørge for at naudsynte løyver frå kommune og grunneigarar er på plass.

## Vurdering

Denne saka har vorte handsama både i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre og andre instansar tidlegare. Det første løyvet som vart gjeve til løypekøyring vart klaga på, og gjekk gjennom klagehandsaming i Klima- og miljødepartementet (KLD). Vi har altså tolkingar, vurderingar og praksis frå «høgaste hald» å støtte oss til, og eg kjem til å støtte meg til desse i handsaminga av denne søknaden.

Søknaden skal som sagt handsamast etter nml § 48, og det er første alternativ som er er aktuelt i dette tilfellet. Der står det at det kan gjevast dispensasjon dersom «*det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig*». I si handsaming av klaga (2014) konkluderer KLD med at dette tiltaket ikkje er i strid med verneføremål og at det ikkje påverkar verneverdiene nemneverdig. Med andre ord er det heimel i nml § 48 til å gje dispensasjon frå forskrifta til oppkøyring av denne skiløypa.

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre har tidlegare, både i handsaming av søknad i 2012 og i 2015, vurdert det slik at løyve til løypekøyring kan gjevast. Verneområdetyret la denne vurderinga til grunn i 2012:

*«Før vernevedtaket så har det vore lang tradisjon for å køyre skispor i omsøkte trase. Derfor er denne saka spesiell i forhold til sporkøyring på vinteren. Dette er einaste kjente sporkøyringstrase på vernetidspunktet. Stien er og mykje nyttा også sommarstid. Villrein er ikkje nevnt i verneforskrifta og ikkje del av verneformålet, men Norge har eit internasjonalt ansvar a ivareta villreinen. Styret for Naustdal Gjengedal Landskapsvernombåde sin vurdering er at tiltaket er av mindre art og derfor skånsomt for naturmiljøet.»*

Føresetnadane er ikkje endra sidan løyva i 2012 og i 2015. Det har heller ikkje vore negative tilbakemeldingar eller vore registrert negative verknader av tiltaket i dei åra løypekøyring har vore gjennomført. Verneområdeforvaltninga har inntrykk av at tiltakshavar har forvalta og nyttा løyvet på ein fornuftig måte.

Skianlegget søker om eit løyve over fem år. Verneområdetyret nyttar ofte fleirårige løyver, men som regel berre inntil fire år.

## Vurdering av miljørettsprisnippa i nml §§ 8-12

Jamfør nml § 7 skal alle vedtak som kan påverke naturmiljøet vurderast etter miljørettsprinsippa i nml §§ 8-12.

Kunnskapsgrunnlaget (§ 8) i denne saka er grundig dekka gjennom verneprosessen, forvaltningsplan og erfaring med tidlegare løyver. I tillegg er dette eit område kor forvaltar og naturoppsyn er godt kjent. Føre-var-prinsippet i § 9 er derfor ivaretake.

Dispensasjonen vil berre føre til eit lågt tal på turar spreidd over tid. Det vil og verte sett vilkår for å unngå køyring som uroar vilt og turfolk. Den samla belastinga (§ 10) av tiltaket er innanfor det som er akzeptabelt for dette området.

Nml §§ 11 og 12 er ikkje aktuelle.

Arkivsaksnr: 2016/879-0

Saksbehandler: Alf Erik Rørvik

Dato: 02.09.2016

<b>Utvalg</b>	<b>Utvalgssak</b>	<b>Møtedato</b>
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	16/2016	12.09.2016

## **Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - støtte til parkeringsplassar på Jølster**

### **Framlegg til vedtak frå verneområdeforvaltar:**

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre støttar prosjektet med bygging av parkeringsplassar på Jølster med restmidlar frå bestillingsdialogmidlane for 2016.

Styret vurdere i møtet kor mykje av restmidlane som eventuelt skal omdisponerast.

### **Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 12.09.2016**

#### **Vedtak**

Styret vedtok å støtte Jølster kommune sitt prosjekt med bygging av parkeringsplassar med kr 150.000 av styret sine tiltaksmidlar for 2016

## Saksopplysninger

### Bakgrunn

Jølster kommune har sett i gong eit prosjekt for bygging av «toppturparkeringar». Dei vil sørge for at det er tilrettelagt med parkering ved starten av dei mest populære toppturane. Særleg skal dette rettast mot turmål som er populære mål for toppturar på ski om vinteren og våren.

Interessa for toppturar på ski har auka veldig dei siste åra. Det er ein positiv trend, men skapar og nokre utfordringar. Ved ein del av dei mest populære utfartsområda er det ikkje nok kapasitet til parkering for turgåarane. Det fører igjen til «dårlege» parkeringar som er til hinder for trafikk (særleg bussar og lastebilar) og som kan føre til vanskar for grunneigarar.

Jølster kommune har derfor sett i gong dette prosjektet. Dei har identifisert dei stadane kor behov og utfordringar er størst, og jobbar no med finansiering og plan for bygging av parkeringsplassane. Kommunen ynskjer at Naustdal-Gjengedal verneområdestyre bidreg med midlar til finansieringa, saman med kommunen og andre.

### Vurdering

Bygging av parkeringsplassar er ein type tiltak som verneområdetyret har gjennomført fleire gongar tidlegare. Parkeringsplassar i innfallsportane og i samband med populære turmål er viktige og gode tiltak. Både for å legge til rette for turfolk, men også for å unngå parkering som er til hinder og sjenanse for andre. Det er positivt at Jølster kommune har tatt tak i dette.

Verneområdeforvaltaren har, saman med nasjonalparkforvaltar i Jostedalsbreen NP, hatt møte med Jølster kommune og Sunnfjord Næringsutvikling og fått presentert prosjektet. Prosjektet verkar veldig gjennomarbeida og godt. Prosjektgruppa har peika ut ni parkeringsplassar som skal prioriterast og som etter framdriftsplanen skal byggast i haust og vinter slik at dei er klare til «topptursesongen».

Kommunen ynskjer at Naustdal-Gjengedal bidreg i finansieringa av prosjektet, med støtte frå tiltaksmidlane som verneområdet får over bestillingsdialogen.

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre har ikkje sett opp desse parkeringsplassane på tiltaksplanen og dei er derfor heller ikkje på lista over tiltak som har fått tildelt midlar over årets bestillingsdialog. Det er likevel veldig gode tiltak som gjerne kunne blitt prioritert og tildelt midlar dersom dei hadde vorte meldt inn til bestillingsdialogen. Slik det ser ut per tilnærma vil vi og kunne få ein del restmidlar no i 2016, og nokre av desse kan kanskje omdisponerast til parkeringsplassane på Jølster.

## **ST 17/2016 Arbeid med besøksstrategi**

Styret jobbar med besøksstrategi og strategiske spørsmål i samband med besøksforvaltning. Sjå vedlagte dokument.

### **Handsaming i møte:**

Styret gjekk gjennom innsamla data og førebels kladd til besøksstrategi.

Styret diskuterte ein del strategiske val og satsingar.

Verneområdeforvaltar fekk i oppdrag å ta med seg dei innspela styret kom med og jobbe vidare med besøksstrategien.

Besøksstrategi kjem opp att som sak på neste møte.

## **ST 18/2016 Eventuelt**

- Grunneigarane i Hestedalen i Gloppen ynskjer å bygge to parkeringsplassar slik at dei får betre kapasitet til å handtere dei som går tur i dette området, både opp i verneområdet og randområda utanfor verneområdegrensa. Grunneigarane har utarbeida ein plan og ei kalkyle for bygging av to parkeringsplassar på 150 og 250 m<sup>2</sup>.

Grunneigarane har bedt styret om å bidra i finansieringa av parkeringsplassane.

**Naustdal-Gjengedal verneområdestyre tykkjer dette er eit godt tiltak, og vedtok å støtte tiltaket med kr 40.000 frå styret sine tiltaksmidlar for 2016.**